

# Oppgaver til Kostholdsplanleggeren.no

## Elevhefte



### Innleiing

Oppgåvene er laga for å kunne bli gjennomført på 3-4 undervisningstimar og handlar om desse temaene:

1. Tilsett sukker
2. Næringsinnhald i drikke
3. Skulemat
4. Fem om dagen

Oppgåve 1 og 4 har **praktiske deler** som krev kjøkkenutstyr og matvarer (sjå eiga oversikt).

Oppgåve 2 og 3 er **teoretiske** og krev kun datamaskin/nettbrett (elevane kan arbeide parvis) og hefte om kostråda (sjå under).

### Materiell og matvarer til oppgåvene

#### Hefte med kostråd:

- Heftet [Helsedirektoratets kostråd](#).
- Kostråda er òg oppsummert på ein [plakat](#).



### **Utstyr til oppgave 1; Tilsett sukker**

Per gruppe/stasjon

- 1 pakke sukkerbitar, 500 g (kvite)
- ½ liter lettmjølkk
- ½ liter sjokolademjølkk med tilsett sukker
- ½ liter brus
- ½ liter appelsinjus
- 1 boks sjokoladepålegg, 500 g (ev. ein boks som går på rundgang i gruppene).

### **Utstyr til oppgave 4; fem om dagen**

Per gruppe/stasjon

- 1 kjøkkenvekt
- 2 store skåler, ei til å legge alle "fem om dagen" i, og ei til å ha på vekta (som "fem om dagen"-porsjonen blir lagt over i)
- 1 liten tallerken (til å vege ein porsjon frukt eller grønt)
- 1 kniv
- 1 skjærefjøl
- Diverse frukt, bær og grønsaker.

## **Innlogging i Kostholdsplanleggeren**

Innlogging i kostholdsplanleggeren skjer via Feide.

Feide er Kunnskapdepartementets valte løysning for sikker identifisering i skulen for passord/brukarnamn. Din kommune/institusjon må ha innført Feide for at denne innlogginga skal vere mogleg.

## Førforståing - gjennomgang av kostråda

Lage tankekart på tavla: **Kva forbind du med eit sunt kosthald?**

Les gjennom heftet Helsedirektoratets kostråd og med BISON-blikk:

- Sjå på **b**ileta
- Les **innleiinga**
- Les **samandrag/sluttdelen**
- Les **overskrifter**
- Finn **NB**-ord



Kva informasjon får du av å sjå på bileta? \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Kva fortel innleiinga deg? \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

-

Kva fortel sluttdelen deg? \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Kva fortel overskriftene deg? \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

-

Kva viktige ord/NB-ord finn du i teksten? \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

# Oppgave 1: Tilsett sukker

Vi tek utgangspunkt i kostråd nr. 10: *Unngå mat og drikke som inneholder mye sukker til hverdags. Brus, saft og godteri er de største kildene til tilsatt sukker i kosten. De tilfører mye sukker og energi, men lite vitaminer og mineraler.*

## Diskusjonsoppgåve

**1.a) Kva er forskjellen på tilsett sukker og «naturleg sukker»?**

Svar: \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

**1.b) Kan du gi dømer på mat med «naturleg sukker» og med tilsett sukker?**

Svar: \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

## Oppgåve med sukkerbiter

**1.c) Sjå på dei ulike matvarene og anslå kor mykje tilsett sukker – i form av antall sukkerbiter – som du trur dei inneheld. Fyll inn i skjemaet på neste side.**

**1.d) Bruk deretter Kostholdsplanleggeren til å fylle inn gram tilsett sukker i skjemaet. Sjå framgangsmåte i neste avsnitt.**

**1.e) Til slutt reknar du om gram tilsett sukker til antall sukkerbiter. Tips: Ein sukkerbit veg 2 gram.**



## Framgangsmåte på Kostholdsplanleggeren.no

- Logg inn i programmet (sjå eigen info i innleiinga)
- Start å skriv i rubrikken «Legg til matvarer»
- Du kan så klikke på «Sammenlign matvarer»
- Bruk knappen «Velg næringsstoffer»
- Huk av for «Sukker, tilsatt»
- Trykk «Vis i tabellen»
- Legg inn matvarene ei etter ei, og vel riktig mengde.
- Les av mengde tilsett sukker i tabellen
- Fyll inn i Sukkerskjema (neste side)

Legg til matvarer [Åpne Matvaretabellen](#)

🔍 Søk opp en matvare, for eksempel "brød"

### Velg næringsstoffer

<input type="checkbox"/> Energigivende	<input type="checkbox"/> Fett	<input type="checkbox"/> Karbohydrater
<input type="checkbox"/> Vann	<input checked="" type="checkbox"/> Fett	<input checked="" type="checkbox"/> Karbohydrat
<input checked="" type="checkbox"/> Fett	<input type="checkbox"/> Mettede fettsyrer	<input checked="" type="checkbox"/> Fiber
<input checked="" type="checkbox"/> Karbohydrat	<input type="checkbox"/> Transfettsyrer	<input type="checkbox"/> Mono- og disakkarider
<input checked="" type="checkbox"/> Fiber	<input type="checkbox"/> Enumettet fett	<input checked="" type="checkbox"/> Sukker, tilsatt
<input checked="" type="checkbox"/> Protein	<input type="checkbox"/> Flerumettet fett	<input type="checkbox"/> Stivelse
<input type="checkbox"/> Kilojoule	<input type="checkbox"/> Kolesterol	
<input type="checkbox"/> Kilokalorier	<input type="checkbox"/> Omega-3	
<input type="checkbox"/> Alkohol	<input type="checkbox"/> Omega-6	

## Sukkerskjema

	Tal på sukkerbitar eg trur er i	Gram tilsett sukker	Tal på sukkerbitar det er i
Lettmjølkk (5 dl)			
Brus m/sukker (5 dl)			
Sjokolademjølkk (Litago, 5 dl)			
Appelsinjus (5 dl)			
Sjokoladepålegg (Nugatti, 500 g)			

1.f) Det er kanskje andre matvarer du er nysgjerrig på sukkerinnhaldet i – vel tre du vil sjå på:

1. \_\_\_\_\_ Mengde/porsjon: \_\_\_\_\_ Tilsett sukker: \_\_\_\_\_
2. \_\_\_\_\_ Mengde/porsjon: \_\_\_\_\_ Tilsett sukker: \_\_\_\_\_
3. \_\_\_\_\_ Mengde/porsjon: \_\_\_\_\_ Tilsett sukker: \_\_\_\_\_

1.g) Vi blir råda til ikkje å ete mykje tilsett sukker. Men kor mykje er for mykje? I

Kostholdsplanleggeren står det i tabellen for tilsett sukker «< 10 E%». Altså mindre enn 10 energiprosent. Energiprosent er eit mål på kor stor *andel* av den totale energien i mat som kjem frå fett, protein og karbohydratar. Du kan rekne ut kor mange gram sukker 10 E % sukker er, når du veit følgjande: Sukker/karbohydratar har 4 kcal per gram og totalt energibehov for ein person er til dømes 2000 kcal/dag (100 E%).

Sukker, tilsatt

< 10 E%

$$\frac{4 \frac{\text{kcal}}{\text{g}} * X}{2000 \text{ kcal}} = \frac{10 \text{ E}\%}{100 \text{ E}\%}$$

$$4 \frac{\text{kcal}}{\text{g}} * X = 0,1 * 2000 \text{ kcal}$$

$$X = \frac{0,1 * 2000 \text{ kcal}}{4 \frac{\text{kcal}}{\text{g}}}$$

$$X = \underline{\underline{\hspace{2cm}}}$$

1.h) Gjer ei ny utrekning der du nyttar det energibehovet som er tilrådd for din profil (kjønn, alder og aktivitetsnivå).

X= \_\_\_\_\_

## Oppgave 2: Næringsinnhold i drikke

2.a) Trykk på boksen «Legg til matvarer» på framsida av [www.kostholdsplanleggeren.no](http://www.kostholdsplanleggeren.no) og legg inn to glas av kvar drikkevare:

- Lettmjølkk, 2 glass
- Appelsinjus, 2 glass
- Brus med sukker/Cola, 2 glass

Bruk knappen «VELG NÆRINGSSTOFFER» og kryss av for næringsstoffa vitamin C, kalsium og jod.

**Kor mykje av dei valte næringsstoffa inneheld drikkene?**

Lettmjølkk inneheld: \_\_\_\_\_

Appelsinjus inneheld: \_\_\_\_\_

Brus inneheld: \_\_\_\_\_

<input type="checkbox"/> Vannløselige vitaminer	<input type="checkbox"/> Mineraler
<input type="checkbox"/> Tiamin	<input checked="" type="checkbox"/> Kalsium
<input type="checkbox"/> Riboflavin	<input type="checkbox"/> Jern
<input type="checkbox"/> Niacin	<input type="checkbox"/> Salt
<input type="checkbox"/> Vitamin B6	<input type="checkbox"/> Natrium
<input type="checkbox"/> Folat	<input type="checkbox"/> Kalium
<input type="checkbox"/> Vitamin B12	<input type="checkbox"/> Magnesium
<input checked="" type="checkbox"/> Vitamin C	<input type="checkbox"/> Sink
	<input checked="" type="checkbox"/> Jod
	<input type="checkbox"/> Selen
	<input type="checkbox"/> Kopper
	<input type="checkbox"/> Fosfor

2.b.) Kvifor treng vi vitamin C, kalsium og jod?

Vitamin C: \_\_\_\_\_

Kalsium: \_\_\_\_\_

Jod: \_\_\_\_\_

2.c) Kva drikk gir deg flest forskjellige vitamin og mineralar? Bruk «Velg næringsstoffer» og hak av for alle vitaminer og mineralar

Svar: \_\_\_\_\_

<input checked="" type="checkbox"/> Fettløselige vitaminer	<input checked="" type="checkbox"/> Vannløselige vitaminer	<input checked="" type="checkbox"/> Mineraler
<input checked="" type="checkbox"/> Vitamin A	<input checked="" type="checkbox"/> Tiamin	<input checked="" type="checkbox"/> Kalsium
<input checked="" type="checkbox"/> Retinol	<input checked="" type="checkbox"/> Riboflavin	<input checked="" type="checkbox"/> Jern
<input checked="" type="checkbox"/> Beta-karoten	<input checked="" type="checkbox"/> Niacin	<input checked="" type="checkbox"/> Salt
<input checked="" type="checkbox"/> Vitamin D	<input checked="" type="checkbox"/> Vitamin B6	<input checked="" type="checkbox"/> Natrium
<input checked="" type="checkbox"/> Vitamin E	<input checked="" type="checkbox"/> Folat	<input checked="" type="checkbox"/> Kalium
	<input checked="" type="checkbox"/> Vitamin B12	<input checked="" type="checkbox"/> Magnesium
	<input checked="" type="checkbox"/> Vitamin C	<input checked="" type="checkbox"/> Sink
		<input checked="" type="checkbox"/> Jod
		<input checked="" type="checkbox"/> Selen
		<input checked="" type="checkbox"/> Kopper
		<input checked="" type="checkbox"/> Fosfor

2.d) Sjå no på grafane der dei tre drikkevarene er samanlikna. Kan du ut ifrå det du ser forklare kva «tomme kalorier» betyr?

Svar: \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

2.e) Finn to andre drikk du vil sjå på og samanlikn desse. Beskriv næringsstoffinnhaldet i desse, vel ut to næringsstoff det er mykje av.

1. \_\_\_\_\_

2. \_\_\_\_\_

## Oppgave 3: Skulemat

### 3.a) Klikk på «Opprett en ny rett» og legg inn følgende skulelunsj:

- 2 skiver loff
- med smør og sjokoladepålegg
- 1/2 liter sjokolademjølk

Vel eit namn på måltidet før du legg inn matvarene.

### 3.b) Korleis kan du gjere dette måltidet meir i tråd med kostråda?

- Bruk nokre av kostråda når du planlegg ein ny versjon av skulemåltidet.
- Opprett ein ny rett og legg inn matvarene. Vel eit namn på måltidet.


Mitt nye måltid: \_\_\_\_\_

---

---

### 3.c) Samanlikn dei to måltida

- Klikk på «Legg til matvarer» på forsida.
- Legg inn rettane - dei kjem opp når du skriver inn namnet. Hugs å velje heile retten.
- Vel nokre næringsstoff du vil sjå på, t.d. **salt, tilsett sukker, fiber, vitamin D, vitamin C, kalsium og jern.**
- Klikk på «Sammenlign matvarer».



*Salt og tilsett sukker blir vist i tabellen, men ikkje i stolpediagrammet, då det ikkje er eit «dagleg anbefalt inntak» for salt og sukker, men ei dagleg tilrådd øvre grense for inntak.*

### 3.d) Kva meiner du er dei viktigaste forskjellane mellom dei to måltida? Sjå både på tal i tabellen og i stolpediagrammet.

Svar: \_\_\_\_\_

---

---

---

---

---

## Oppgave 4: Fem om dagen

**4.a) Les først gjennom kostråd 3:** Et minst fem porsjoner grønnsaker, frukt og bær hver dag.

**4.b) Kor mykje er egentleg «fem om dagen»?**  
**Legg i skåla det du meiner er riktig mengde.** Del gjerne opp store matvarer, og prøv å lage realistiske porsjonar/mengder, slik du ville ha ete.

**4.c) Veg «fem om dagen». Kor mange gram fekk du?**

Svar: \_\_\_\_\_

**4.d) Juster eventuelt med å legge til eller ta ut noko slik at det blir 500 gram. Kva meiner du? Er det mykje/lite? Slik du forventa?**

Svar: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

**3. Spis minst fem porsjoner grønnsaker, frukt og bær hver dag.**

- La grønnsaker og frukt være en del av alle dagens måltider. Halvparten av fem om dagen bør være grønnsaker.
- En porsjon tilsvarer 100 gram, og kan for eksempel være en liten bolle med salat, en gulrot eller en middels stor frukt.
- Du kan bruke friske, hermetiske, frosne, og varmebehandlede grønnsaker, frukt og bær. Varier mellom ulike typer.
- Velg kokte og bakte poteter fremfor stekte. Poteter inngår i et variert kosthold selv om de ikke er en del av fem om dagen. Poteter inneholder mer kostfiber, vitaminer og mineraler enn hvit ris og pasta.
- Belgvekster som bønner og linser, frø, krydder og urter inngår ikke i fem om dagen, men har ofte et høyt innhold av næringsstoffer og hører med i et variert kosthold.
- Spis gjerne en håndfull usaltede nøtter om dagen.

**4.e) Veg opp ein porsjon grønsaker (100 g) og ein porsjon frukt (100 g). Kva meiner du om porsjonsstorleiken?**

Svar: \_\_\_\_\_

**4.f) Gå inn på «Mine retter» og lag din fem om dagen (minimum 500 g) med dei matvarene du likar.** Hugs å lage namn på retten.

Du kan òg notere ned dine fem om dagen her: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

**4. g) Når på dagen vil du ete kva?**

Svar: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

